
nytt om navn

SOLBJØRG ÅMDAL SANDVIK MELAND

MAY-BRITH MANDT

Tidsskriftet

NINA HUSOM

Tidsskriftet


MAY-BRITH MANDT

Tidsskriftet

MAY-BRITH MANDT

Tidsskriftet

Anders Aadland



Anders Aadland døydde 16.8. 2002, og det er mange som kjenner vemod ved at han så altfor tidleg gjekk bort.

Han var fødd på Stord i 1928, og sidan tidleg på 1960-talet har han vore ein institusjon. Han kom til Meland som distriktslækjar i 1962, og lenge før begrepet fast-lege var ein del av det offisielle helsevesenet var Anders Aadland fastlegen og huslegen rundt om i kommunen. Som einaste lege i nærare 20 år vart det lange og travle arbeidsdøgn. Frihelg var eit framandord. Både ved starten av livet og ved slutten, pluss heile spekteret imellom, var han den faste redningsplanken for små og store, unge og gamle. Då den nye organiseringa av legetenestene kom på 1980-talet, vart han kommunelege I i Meland, ei stilling han hadde til han gjekk av med pensjon i 1995.

Anders Aadland var i ei årrekkje formann i helserådet, og som den samfunnsengasjerte person han var, brukte han av sine rike ressursar også i politiske verv. Han var med i barnevernsnemnd, edruskapsnemnd og som formann i sosialstyret. Vidare var han medlem av det kommunale arbeidstilsynet, i vassforsyningsnemnd, i styret for Rossland gamleheim, og han var med i Norske Kommuners Sentralforbund sitt fylkeslag for sosiale spørsmål. Hans sterke engasjement, ikkje minst for våre eldre, anten dei var på sjukeheimen eller heimebuande, var levande heilt til det siste.

Anders Aadland var opptatt av førebyggjande helsearbeid og var sterkt engasjert i Nasjonalforeningen for folkehelsen. Både som foredragshaldar og turleiar saman med kona Bjørg har han hjelpt mange til eit betre og opplevingsrikt liv.

Anders Aadland hadde mange strengar å spela på. I kyrkja og indre- og ytremisjon, i musikklivet og i Nasjonalforeningen er det mange som har hatt gleda av hans enorme kapasitet og rike evner. Anten han bar fram ein velskriven prolog, kåserte om alderdom og livskvalitet, vandra plystrande rundt på kontoret eller han sat ved klaveret på sjukeheimen – det er i takksemd vi ser også dei spora.

På vegne av dei mange i Meland takkar eg for det Anders Aadland har vore for oss gjennom desse 40 åra han har budd og hatt sitt virke her. I vyrdnad for alle tydelege spor lyser eg fred over minnet hans.

Æresmedlem i Røde Kors

Psykiater Astrid Nøklebye Heiberg (f. 1936) er utnevnt til æresmedlem i Norges Røde Kors. Det er den høyeste utmerkelsen i organisasjonen og gis i helt spesielle tilfeller til personer som har gjort en enestående innsats av vidtrekkende betydning for Norges Røde Kors.

Hun var president i Norges Røde Kors i tiden 1993–99, og fra 1997 til 2001 var hun president i det internasjonale forbundet av Røde Kors- og Røde Halvmåne-foreninger.

Hun er nå tilbake som professor ved Psykiatrisk institutt, Det medisinske fakultet, Universitetet i Oslo.

Nobelprisen i medisin

Nobelprisen i medisin eller fysiologi 2002 deles av forskerne Sydney Brenner (f. 1927), Berkeley, USA, Robert Horvitz (f. 1947), Cambridge, USA, og John E. Sulston (f. 1942), Cambridge, Storbritannia. Prisen er på 10 millioner svenske kroner.

De tre forskerne får prisen for arbeidet med å identifisere nøkkelgener som regulerer programmert celledød og for å ha vist at tilsvarende gener finnes hos høyere organismer, mennesket inkludert. Resultatene har hatt stor betydning for forståelsen av hvordan kreft, AIDS, nevrodegenerative sykdommer, slag og hjerteinfarkt, oppstår og hvordan de kan bekjempes.

St. Olavs Orden og æresmedlem



Otto W. Steinfeldt-Foss

Tidligere administrerende overlege Otto W. Steinfeldt-Foss (f. 1931) er utnevnt til Ridder 1. klasse av St. Olavs Orden for sin innsats innen norsk psykiatri, sitt mangeårige internasjonale engasjement og for sitt arbeid med oppbyggingen av Helsetjenesten ved Universitetet i Oslo.

Han er tildelt flere nasjonale og internasjonale æresbevisninger, og ved årets årsmøte ble han også utnevnt til æresmedlem i Norsk psykiatrisk forening.

Folkeopplysningsprisen



Hans Olav Fekjær

Overlege Hans Olav Fekjær (f. 1940), Blå Kors Senter, Oslo, er tildelt Folkeopplysningsprisen for 2002 som deles ut av Voksenopplæringsforbundet.

Fekjær har mer enn 30 års erfaring fra arbeidet med rusproblematikk og psykiatri og har i en årrekke også vært opptatt av problemene rundt spilllegalskap. Han er en dyktig brobygger og en moderne folkeopplyser som i sitt formidlingsarbeid har tatt i bruk nye medieformer og ny teknologi for å nå frem til en stadig større del av befolkningen.

Publisert: 10. november 2002. Tidsskr Nor Legeforen.

© Tidsskrift for Den norske legeforening 2026. Lastet ned fra tidsskriftet.no 15. juli 2026.